



Digital Creations AS
Mjåtveitflaten 45
5918 FREKHAUG

Registrert i foretaksregisteret
NO 991 368 574 MVA

Meland Kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

www.digitalcreations.no
francis@digitalcreations.no
tlf. +47 930 35 967

HØYRINGSFRÅSEGN

Digital Creations AS, NAGELLd AS og Buss og Media AS er tre høgteknologi-bedrifter som held til Meland kommune. Saman ønskjer me i åra som kjem å gjere Meland til ein foregangskommune innanfor teknologisk utvikling.

I korte trekk ønskjer me å kjøpe det gamle meieribygget (1256-23/68 Rundhaugen), og gjere det om til vårt felles hovudkvarter. I dag er denne eigedomen regulert til offentleg bygg, sidan teknisk etat brukar det til oppbevaring. Me ønskjer og at skorsteinen vert bevart, sidan dette er eit landemerke her på Frekhaug.

Me føler at dei eksisterande områda som er avsatt til næringsutvikling i kommuneplanen er meir retta mot industribedrifter. Denne typen næringseigedom er noko Meland kommune har mangel på per i dag.

Me forstår det slik at meieribygget er i dårlig stand, med eit tak som lekk og har gjort det i fleire år. Bygget ser heller ikkje særlig godt holdt ut utvendig. Det er vår oppfatning at bygget i seg sjølv allereie har negativ verdi.

Våre planar

Me ønskjer å pusse opp meieribygget og innrei det til kontor. Plasseringa til eigedommen er utmerka for oss som ønskjer å tiltrekke oss arbeidskraft frå Bergen, sidan det er så kort veg til hurtigbåtkaien og bussterminalen. Bygget har potensiale til å huse opptil 25 kontorarbeidarar for ulike bedrifter.

Bedriftene som kjem dit, og dei me eventuelt leiger ut til før me har nok tilsette til å fylle opp alle kontora sjølve, vil gje lite biltrafikk og ikkje forstyrre naboane. Dette er bedrifter med vanleg kontortid, og bygget vil difor i hovedsak stå tomt på kveldstid.

Me ønskjer gjerne å sette oss ned med dykk for å fortelle meir om våre planar for området. Ta i så fall kontakt med oss på mail@digitalcreations.no eller via telefon 996 13 958.

Med venleg helsing,

Vegard Andreas Larsen

Teknisk sjef og medeigar

Digital Creations AS

Helge Bjordal

Daglig leiar og eigar

NAGELLd AS

Jon Ingar Kjenes

Dagleg leiar

Buss og Media AS og Motitech AS